

## Ei 17. mai markering med tradisjon og nyskaping.

19.05.2020



Kravet om mindre folk og avstand ser vi tydeleg her. Bilete er frå minnemarkeringa på Stemneplassen.

**Innhaldet i årets 17. mai program var tufta på Regjeringar sine retningsliner for smittevern samstundes som ein ville halda på nokre tradisjonar. Restriksjonane utløyste kreativitet og nye tiltak, som til dømes køyrekorteseje og rebusløype. Den tradisjonelle 17. mai vart ivareteken med tale og minnemarkeringane ved Bautasteinen og på Stemneplassen. Komiteen makta ved dette å sameina krava om avstand, mindre folk og smittevern med ei 17. mai vi kjenner oss att i.**

5. klasse las diktet Ved Bautasteinen av Olaf Agnar Gausvik og la ned minnekrans. På Stemneplassen var det talarane som la ned blom på krigsminnesmerke for dei som var mobiliserte, sjøfolka og for dei som deltok i krigen 1940 - 1945 på andre måtar.

Årets 17. mai har truleg lagt grunnlaget for ei nyskaping og nye tradisjonar. Barneleikane, gudstenesta og folketoget er sikkert på plass att neste år. Tiltaka med familieribus og kortesje i ei eller anna form kan utviklast og vil nok vera synlege i åra framover.



Thea Soltveit Taranger, Hanna Tvilde og Viljar Simonnes Tveit legg ned blomar på krigsminnesmerke på Stemneplassen.

Komiteen hadde i utgangspunktet tenkt å bruka Stemneplassen meir. Tanken er god. Det vil også leggja grunnlaget for aktivitetar ute i det som meir kan bli ein park i sentrum av bygda. Stiar og gangveggar i lende vil letta tilkomsten.

Digitale løysingar for formidling er komen for å bli. Dermed kan eldre og alle dei som elles ikkje kjem seg ut, sjå overføringar på nettet og på TV.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Ordin Østebø / Kristian Bringedal





Elevar frå 5. klasse legg ned krans ved Bautasteinen. F.v: Angelica Skaare Koløy og Ebba Hermann Fossli.